



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Regionale næringsfond

I Sogn og Fjordane overførte fylkeskommunen kvart år midlar til kommunale næringsfond. I Sunnfjord har vi hatt eit felles kommunalt næringsfond for kommunane Jølster, Førde, Gauldal og Naustdal (no Sunnfjord kommune). Styret i Sunnfjord Utvikling AS er også styret for næringsfondet. Kvart år har vi motteke ca 2,4 mill kroner (2,7 mill kr i 2017 og 2,4 i 2018 og 2019) til næringsfondet. Midlar vi utelukkande har brukt på næringslivet i Sunnfjord i form av midlar til nyetableringar, bedriftsutvikling, infrastruktur og andre verkemiddel for å skape utvikling og vekst.

Svært mange selskap i Sunnfjord har starta si reise i det kommunale næringsfondet i form av eit tilskot, til dømes Tibber AS, Norse Feedback, Intin og Webmegling. I tillegg er midlane brukt til nye arrangement, til utviklingsprosjekt, til etablering av klynger som Peak Sunnfjord. Kort sagt til alt som skal bidra til at vi utviklar nye selskap, nye arbeidsplassar i ein region med demografiske utfordringar. Vi blir eldre og vi blir færre. Tidlegare har Sunnfjord vorte omtalt som vekstfattig i den forstand at vi har hatt få nyetableringar. Dette har endra seg radikalt. Berre i klynga Peak Sunnfjord er det i dag 16 ulike selskap og over 70 arbeidsplassar. Fleire av selskap er nyetablerte i kraftig vekst og utvikling. For desse selskapene har næringsfondet vore avgjerande. Utan kommunalt næringsfond hadde ikkje selskap som Airlift solution AS vore der selskapet er i dag, seier adm direktør Stian Hårklaau i Airlift. Verdien av kommunale næringsfond har vore og er stor.

Næringsfondet i Sunnfjord har midlar i år og neste år. Deretter er det tomt. Då har vi ikkje midlar til å stimulere nye idear, utvikling og vekst. Vestland fylke har ikkje den same ordninga som Sogn og Fjordane fylkeskommune, og vi meiner det er særslig uheldig for distrikta at denne ordninga er avvikla. Derfor har vi også engasjert oss i å få fylkeskommunen til å oppretthalde ordninga.

Koronakrisa har tydeleg vist at det er behov for lokale selskap med midlar til å stimulere nye etableringar, utviklingsprosjekt, attraktivitetsskapande aktivitet m/m. Men kva kommunen? Jo, Sunnfjord kommune betaler driftsmidlane til Sunnfjord Utvikling. Eit viktig bidrag for næringslivet i Sunnfjord.

Vi oppmodar fylkesordføraren til å drøfta med si avdeling for innovasjon og næringsutvikling korleis det kan løvvast midlar til lokal og regional næringsutvikling.

Med helsing

Olve Grotle
Ordførar

Ole John Østenstad
kommunedirektør

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Kopi til:

